












<p><b>Skjermen viser:</b></p>	<p><b>I timen:</b></p>
	<p>Introduser temaet for timen og sjå <a href="https://www.youtube.com/watch?v=...">Mangfald og følelsar (youtube.com)</a></p>
	<p>La elevane snakke saman, og snakk saman i klassa:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Kven er jente og kven er gut? Og spelar det eigentleg noko rolle?</li> <li>• Kvifor er vi så opptekne av å dele inn i kjønn? Har det nokre fordelar?</li> <li>• Kva ulemper kan det ha at vi deler så mykje inn i jente eller gut?</li> </ul>
	<p>Forklar til elevane:</p> <p>Tidlegare var det utenkeleg at ein skulle snakke om kjønn som noko anna enn gut eller jente, mann eller kvinne. Det betyr ikkje at gutar og jenter tidlegare har vore heilt ulike kvarandre. Det har alltid vore nokre som blir fødde med kjønnstrekk frå begge kjønn. Og nokre er meir feminine eller maskuline enn andre.</p>
	<p>No er det vanleg å snakke om kjønn som noko som varierer frå det veldig mannlege på eine sida til det veldig kvinnelege på andre sida.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• <b>Biologisk kjønn</b> er det kjønned ein er fødd med. Dei som blir fødd med både mannlege og kvinnelege kjønnsorgan, får utdelt eitt offisielt kjønn.</li> <li>• <b>Opplevd kjønn</b> seier noko om kva ein identifiserer seg som. Nokre gutar kan føle seg meir som jenter og jenter kan føle seg meir som gutar. Nokon vel å skifte kjønn når dei blir større. Mange er ueinige i at dette bør vere lov, men det er lov. Kanskje ville det vore betre om alle kunne vere seg sjølv slik ein er uavhengig av kva kjønn ein har? At kjønn ikkje var så viktig?</li> <li>• Også <b>seksualitet</b> – altså kven ein blir forelska i og ønskjer å vere saman med – varierer veldig. Dei fleste er heterofile, altså at dei blir forelska i motsett kjønn, men veldig mange er ikkje det. Ein kan vere forelska i motsett kjønn, same kjønn som ein er sjølv – eller begge deler. Ein kan også vere mest oppteken av korleis mennesket er, ikkje kva kjønn det er. Og nokon blir ikkje forelska i det heile tatt, heller ikkje som vaksne. Det viktige å vite er at du må ingenting, og at du har god tid på å finne ut kva som er rett for deg.</li> </ul>
<p>Sjå ein av desse filmene om seksualit mangfald:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Sexual Orientation: A Spectrum Of Attraction - YouTube</li> <li>- Zmekk - Kjærlighet og seksualitet / Norsk - YouTube</li> <li>- Sexual Orientations Explained: Lesbian, Gay, Heterosexual and Bisexual F&amp;D - Anissa Ong</li> </ul>	<p>Vi skal sjå ein liten film som forklarar litt om mangfald i seksualitet: Vel ein av desse.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• <a href="https://www.youtube.com/watch?v=...">Sexual Orientation: A Spectrum Of Attraction - YouTube</a></li> <li>• <a href="https://www.youtube.com/watch?v=...">Zmekk - Kjærlighet og seksualitet / Norsk - YouTube</a></li> <li>• <a href="https://www.youtube.com/watch?v=...">Sexual Orientations Explained: Lesbian, Gay, Heterosexual and Bisexual - YouTube</a></li> </ul>

	<p>La elevane snakke med kvarandre i grupper:</p> <p>Kvifor er det bra at unge no kan mykje meir om mangfald i seksualitet?</p>
	<p>Sjå filmen <a href="#">Skjellsord - homo - YouTube</a></p>
	<p>La elevane snakke med kvarandre, og snakk saman i klassa.</p> <p>Korleis er det for nokon som er homofil at «homo» blir brukt som skjellsord? Kva kan det føre til?</p>
	<p>Mange blander seksuell orientering og mangfald i kjønnsidentitet, men det er ikkje det same. Sjå ein av desse filmene for å forklare kva kjønnsidentitet er.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• <a href="#">En skjønn identitet - YouTube</a></li> <li>• <a href="#">Range of Gender Identities - YouTube</a></li> </ul>
	<p><b>Oppgåve/Aktivitet:</b></p> <p>La elevane jobbe i grupper for å finne eksempel på kjente menneske innan musikk/film/sosiale media som framstiller mangfald i kjønn og seksualitet på ein god måte. Kjem elevane på filmar/musikkvideoar/blogginnlegg og anna som er med på å vise mangfaldet positivt?</p> <p>Kva er bra med det desse gjer?</p> <p>Korleis kan alle vi menneska vise at vi aksepterer kvarandre slik vi er?</p> <p>Oppsummer med å la gruppene få kome med sine eksempel og eventuelt vise nokon av desse på smartboard.</p>
	<p>Sjå gjerne ein av desse til slutt for å vise kor viktig det er med aksept for å vere den ein er</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• <a href="#">CGI Animated Short Film: "Unconditional" by Austin Braddock   CGMeetup - YouTube</a></li> <li>• <a href="#">This Is Me by Keala Settle (from The Greatest Showman)   Cover by One Voice Children's Choir - YouTube</a></li> <li>• <a href="#">In a Heartbeat - Animated Short Film - YouTube</a></li> </ul>
	<p>I løpet av timen kan de gjerne og ha litt Frosketid: <a href="#">Pust med naturen (s-pust) - YouTube</a></p>